

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Hans Kristian Dolmen	HistSak - 12/1154, FA - L13	14/1158

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
53/2014	Utval for drift og utvikling	PS	03.06.2014
46/2014	Kommunestyret	PS	18.06.2014

Reguleringsplan Hoplandsdalen Jorddeponi - 5.g.handsaming - Framlegg til godkjenning

Vedlegg:

Plankart Regplan Hoplandsdalen 021013

Vedtak Sak 094-13 - 4gh Off Ettersyn 101213

Føresegner Regplan Hoplandsdalen 220514

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Framlegg til reguleringsplan for Hoplandsdalen Jorddeponi har vore fremja fleire gonger. Det har vore same planområde, men med noko ulikt innhald. Sak, innhald og moglege konsekvensar skal vere godt kjent etter tidlegare handsaming både i UDU og kommestyret. Då saka sist vart lagt fram for handsaming i sak 094/13, den 10.12.2013 innehold planområdet mellom anna areal for ny busetnad. Med grunngjevinga at ramma for å leggje til rette for nye bustadområde må avklarast i arealplan for, før det vert utarbeidd detaljplan, vart område for nye bustadar teke ut av planen. Det visast til siste handsaming som er vedlagt.

Ei slik endring er av ein slik karakter og omfang at framlegget til plan vert endra i stor grad og plandokumenta må endrast og leggjast ut til nytt offentleg ettersyn og høyring. Plankart og føresegner er endra og framlegget til plan låg ute til offentleg ettersyn i perioden 12.03. – 25.04.2014. Meland kommune har motteke 5 merknadar til framlegget.

Vurdering

Framlegget til reguleringsplan er no endra i tråd med vedtak i kommestyret sak 064/13, den 25.09.2013 og lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring etter vedtak i UDU sak 094/13, den 10.12.2013.

Framlegget til plan står no fram som eit meir reindyrka område for deponi der det er regulert inn naudsynt infrastruktur og krav til rekkjefølgje og kva omsyn som skal takast til omgjevnadane. Sjølv om føremålet bustad no er teken ut av reguleringsplanen vil spørsmålet kome opp på sikt då føremålet bustad er gjeve som innspel til revisjon av arealplanen. Det gjeld ikkje berre innan for dette planområdet, men for eit større område som kan utviklast over tid knytt til Holme-området.

Det er frå tidlegare ikkje lagt skjul på at ei godkjenning og gjennomføring av plan vil ha konsekvensar i form av støy og transport. Samstundes vil der vere positive verknader både på kort og lang sikt. All den tid det er utbyggingsinteresser i kommunen og regionen, vil transporten av jord og stein gå på vegane uansett. Denne type deponi kan vere med å gi meir føreseieleg handtering av store volum og meir ryddige tilhøve for omgjevdane. Lokalisering av denne type anlegg har og vil føre med seg diskusjon då anlegga er både fornuftige og naudsynte, men samstundes har konsekvensar. Målsettinga vert å minialisere dei negative i størst mogleg grad, men samstundes gje ramme for ein effektiv drift. Dei tiltaka som ligg inne i plan som gjeld omsyn til omgjevnadane er i tråd med dei føringane som gjeld for opparbeiding og gjennomføring av denne type anlegg.

Dei innkomne merknadane bringer ikkje noko nytt inn i sakstilhøvet og der er ikkje merknader frå overordna fagmynde som er avgrensande for framlegget. Frå eigarar i område er det fremja om lag lik merknad som tidlegare, men er ei presisering av korleis dei opplever saka. I utgangspunktet ønskjer dei ikkje deponiet etablert, samstundes som det vert fremja krav til gjennomføring.

Innkomne merknadar

Merknad frå	Innhald	Kommentar / vuredering
Fylkesmannen i Hordaland Statens hus Kaigaten 9 5020 Bergen	<ul style="list-style-type: none"> · Generelt om planen · Positivt at det vert lagt til grunn at tiltak av slik storleik skal vere forankra i arealplanen · Oppdatere planskildringa og mellom anna ta ut omtale om nytt bustadområde · Korrektur slik at referansar mellom skildring, kart og føresegner er rett · Justere teiknforklaring 	<ul style="list-style-type: none"> · Tas til etterretning, oppdatering av skildring vert gjort · Tas til etterretning, oppdatering av skildring vert gjort · Tas til etterretning
Olaug og Bjørn Tveit Rune Tveit	<ul style="list-style-type: none"> · Framhald av dei same merknadar som tidlegare i saka · Utgangspunktet i mot heile tiltaket · Meiner dei negative verknadane er større enn dei positive · Fryktar støyplage og meiner at støyreducerande tiltak ikkje vil ha verknad · Opningstid for anlegget må reguleres, krav om at tidspunkt må vere «vanleg arbeidstid» - kl 08 – 17 · Skeptisk til trafikkbelastninga, mykje transport · Uroa for barnehagen og henting/bringning · Tidsramma for drift er 15 år, er det rett? · Må deponiet liggje her? · Likevel positivt at det med tida vert landbruksareal 	<ul style="list-style-type: none"> · Der er rammer i føresegna (§ 3.3) som skildrar naudsynte omsyn · Føresegna § 3.3.4 gjev ramme opning, drift, mottak og utkøyring · Vil verte auka trafikk, opprusting av FV med GS-veg skal ta høgde for dette · Drift av anlegget er eit anslag, men vert normalt gjeve konkret ramm i driftsplan
Statens vegvesen Region vest Askedalen 4 6863 Leikanger	<ul style="list-style-type: none"> · Generelt om endringa i plan der bustadar er teken ut · Detaljspørsmål om bustadplanlegging i kommunen 	
Direktoratet for mineralforvaltning Leiv Eirikssons vei 39 P.b. 3021 Lade 7441 Trondheim	<ul style="list-style-type: none"> · Ingen merknadar og syner til tidlegare uttale til saka 25.05.10 og 16.08.12 · Minner om at planlagd steinbrott krev driftskonsesjon og driftsplan 	<ul style="list-style-type: none"> · Føresegn om rekkjefølgje (§ 2.4) stiller

	Tiltakshavar er ansvarleg søkjar	naudsynte krav om konsesjon og plan
Hordaland fylkeskommune Regionalavdelinga Agnes Mowinckels gate 5 P.b. 7900 5020 Bergen	<p>Generelt om planstatus og føringar for denne type tiltak</p> <p>Syner til tidlegare uttale til saka 14.06.10 og 19.09.13</p> <p>Framlegg ikkje i tråd med arealplan, men utarbeidd KU er dekkande</p> <p>Positivt at det ved gjennomføring vert ei opprusting av traffikale tilhøve</p> <p>I høve til kulturminne har det vore gjennomført undersøkingar i 2012 utan påvisning av kulturminne, minnar likevel om varslingsplikt ved eventuelle funn</p>	<p>Vert innarbeidd i framlegg til revidert arealplan 2014</p> <p>Teke til etterretning</p>

Folkehelse, Miljø og Økonomi

I høve til desse tre omgrepa kan dette framlegget til plan skildrast med ulike gradientar. Når det gjeld folkehelse vil til dømes opparbeiding og drift angå nokon i høve til støy og støv, medan transporten av masser vil skje uavhengig av planområdet og angå mange. Samstundes vil gjennomføring vere med å auke trafiktryggleiken både i krysset ved Holme og langs fylkesvegen forbi barnehage og forsamlingshus

Når det gjeld miljø vil til dømes noko beite og plantefelt gå bort, men verte omdanna til fulldyrka areal på sikt. Eit deponi fører med seg at transportfirma har føreseielegheit og kan planlegge transport til og frå meir effektivt, medan andre areal i ikkje vert berørt. Effektiv og planlagt drift er ein økonomisk faktor både for brukarar og tiltakshavar som og treng tilsette som skal styre den daglege drifta av deponiet.

Slik, og fleire synsvinklar, kan akkurat denne saka vurderast. Det som me sikkert veit er at behovet i høgste grad er til stades og at transportvolum allereie er på vegane.

Konklusjon

Med bakgrunn i tidlegare handsaming i saka, endra plandokument, offentleg ettersyn og gjennomgangen, ser administrasjonen ikkje at det har kome nye fakta som gjev grunn til at ein ikkje skal gå vidare med framlegget til plan. Gjennomføring vil kunne vere til belastning for eit mindre tal eigedomar og brukarar, men nytta synast vesentleg større. Der er klare rammer i kart og føresegner som tek omsyn til omgjevningane. Vidare skal gjennomføring av sjølve deponiet og rammer for dette utformast ved driftskonsesjon og driftplan. Gjennomføring (drift) i deponiområdet kan ikkje ta til før dette er utforma og godkjent av Direktoratet for mineralforvaltning.

Framlegg til vedtak:

«Meland kommunestyre godkjenner i medhald av pbl § 12-12 framlegg til reguleringsplan for Hoplandsdalen jorddeponi med planID 1256 2009 0003 med planlankart datert 02.10.2013, føresegner datert 22.05.2014 og tilhøyrande planskildring.2

Utval for drift og utvikling - 53/2014

UDU - behandling:

Per Kristian Holmetun, SP, stilte spørsmål om han er ugild fordi hans far leverte merknad til reguleringsframlegget ved 1. gongs utlegging til offentlig ettersyn. Far hans har ikkje levert merknad til planen ved 2. gongs utlegging til offentlig ettersyn. Holmetun forlot møtet og varamann Rune Skår tok plass.

Ved røysting om habilitetsspørsmålet vart det gjort samrøystes vedtak om at Per Kristian Holmetun ikkje er ugild. Holmetun tok plass att og Rune Skår forlot møtet.

Framlegg til vedtak frå Leif Johnsen, MDG:

Meland kommune er i ferd med å utarbeide ny kommuneplan. UDU finn det derfor rettast at store tiltak som dette deponiet ikkje vert vedteke før kommuneplanen er ferdig og ein har ein heilskapleg plan for denne type arealbruk i kommunen.

Framlegg til vedtak frå Per Kristian Holmetun, SP:

Meland kommunestyre avslår framlegg til reguleringsplan for Hoplandsdalen jorddeponi med planID 1256 2009 0003 med plankart datert 02.10.2013, føresegnar datert 22.05.2014 og tilhøyrande planskildring. Dette med bakgrunn i de negative konsekvenser som tiltaket vil ha for nærmiljøet, både med tanke på støv og støyproblematikk, økt trafikk (ulykkesfare) i tilknytning til barnehage/skuleveg, samt usikkerheten rundt de miljømessige farene et deponi vil medføre for nærmiljøet og kulturområde Holmeknappen.

Avrøysting:

Framlegg til vedtak frå Per Kristian Holmetun, SP, fekk 4 røyster for, 5 røyster mot, (H, 1 Frp, 1 AP, MDG) og fall.

Framlegg til vedtakt frå Leif Johnsen, MDG, fekk 3 røyster for (MDG, SP, V), 6 røyster mot (H, FrP, AP), og fall.

Adminstrasjonen sitt framlegg til vedtak fekk 5 røyster for, (1 FrP, 2 AP, 2 H), 4 røyster mot (1 FrP, V, MDG, SP), og er såleis vedteke.

Tilleggsframlegget i møtet vart samrøystes vedteke.

UDU - vedtak:

Meland kommunestyre godkjenner i medhald av pbl § 12-12 framlegg til reguleringsplan for Hoplandsdalen jorddeponi med planID 1256 2009 0003 med planlankart datert 02.10.2013, føresegner datert 22.05.2014 og tilhørende planskildring.2, men med endring av føresegnene § 2.4 punkt 4 til: "Endeleg driftstider vert fastsett i utbyggingsavtale."

Protokolltilførsel i møtet:

Følgjande elememter må drøftast vidare i samband med utbyggingsavtalen:

- Åpningstid for levering og arbeid i anlegget
- Antal lass per dag
- Etterkontroll av støy ved faktisk måling
- Fysiske skiller mellom fortau og kjørebane
- Innmelding av målte verdier for avrenning etter fastsatt intervall
- Rett til revurdering av omfang, frekvenser, åpningstid, drift mm etter en viss tids drift mm og seinere
- Antall driftsår totalt

Kommunestyret - 46/2014**KS - behandling:****Framleg til vedtak frå Ragnar Bratland, H:**

Saken utsettes. Saken legges fram for UDU og sendere kommunestyret på nytt, med svar på de spørsmål som ikke hittil er tilfredsstillende besvart, samt beskrivelse av kontrollregime som ivaretar kommunens kontroll med at alle myndighetskrav etterleves, og som tiltakshaver forplikter seg til. Det forutsettes at saken kommer opp på nytt tidligst mulig i høst.

Når saken legges fram på nytt, skal det være innarbeidet i reguleringsplanen at det skal være fysiske skiller mellom fortau og kjørebane.

Avrøysting:

Utsetjingsframlegget fekk 12 røyster for, (6 H, 3 FrP, 3 KrF), 15 røyster mot, (5 AP, 4 SP, 2 V, 2 SAM, 1 MDG, 1 Uavh), og fall.

Framlegg til vedtak frå Per Kristian Holmetun, SP:

Meland kommunestyre avslår framlegg til reguleringsplan for Hoplandsdalen jorddeponi med planID 1256 2009 0003 med plankart datert 02.10.2013, føresegner datert 22.05.2014 og tilhøyrande planskildring. Dette med bakgrunn i de negative konsekvenser som tilataket vil ha for nærmiljøet, både med tanke på støv og støyproblematikk, økt trafikk (ulykkesfare) i tilknytning til barnehage/skuleveg, samt usikkerheten rundt de miljømessige farene et deponi vil medføre for nærmiljøet og kulturområde Holmekanppen.

Avrøysting:

Framlegget frå Per Kristian Holmetun fekk 16 røyster for, (5 AP, 4 SP, 2 SAM, 1 MDG, 2 V, 1 FrP, 1 Uavh), 11 røyster mot, og er såleis vedteke.

Framlegget frå Utval for drift og utvikling fekk 11 røyster for, (6 H, 3 KrF, 2 FrP), 16 røyster mot, og fall.

KS - vedtak:

Meland kommunestyre avslår framlegg til reguleringsplan for Hoplandsdalen jorddeponi med planID 1256 2009 0003 med plankart datert 02.10.2013, føresegner datert 22.05.2014 og tilhøyrande planskildring. Dette med bakgrunn i de negative konsekvenser som tilataket vil ha for nærmiljøet, både med tanke på støv og støyproblematikk, økt trafikk (ulykkesfare) i tilknytning til barnehage/skuleveg, samt usikkerheten rundt de miljømessige farene et deponi vil medføre for nærmiljøet og kulturområde Holmekanppen.

, den 22.05.2014

Hans Kristian Dolmen
arealplanleggjar